



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Jørgen Aarø, 55 57 20 46

Vår dato
31.01.2018
Dykkar dato
30.12.2017

Vår referanse
2018/29 433.2
Dykkar referanse

Aud E. Gilje Hope
Øyjordsvegen 33
5427 URANGSVÅG

Løyve til utsetting av fjelledelgran

Aud E. Gilje Hope får løyve til å plante 300 fjelledelgran på gnr. 98 bnr. 4 i Bømlo kommune. Det er knytt vilkår til løyvet.

Vi viser til din søknad journalført hos oss 2. januar 2018. Søknaden gjeld utsetting av fjelledelgran til juletreproduksjon på gnr. 98 bnr. 4 i Bømlo kommune.

Innhald i søknaden

Det er søkt om å plante 300 fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*) på eit 3 daa stort areal på gnr. 98 bnr. 4 i Bømlo kommune. Arealet er attgroingsmark med innslag av sjølvfrødd sitkagran.

Søkjar skal hogge alle trea før dei set frø og meiner difor at tiltaket ikkje vil medføre uheldige følgjer for naturmangfaldet.

Fylkesmannens vurdering

Søknaden er handsama etter forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål, med heimel i naturmangfaldlova. Ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfaldet skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 ligge til grunn for sakshandsaminga, jf. § 7.

Informasjon i søknaden, kunnskap om fjelledelgran frå Artsdatabanken og registrerte førekomstar av trua artar og naturtypar frå Naturbase og Artskart ligg til grunn for handsaminga, jf. naturmangfaldlova § 8. Tiltaket er lite og vi har tilstrekkeleg kunnskap til å vurdere effektane på naturmangfaldet. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 blir difor tillagt lite vekt i handsaming av søknaden.

Det er ikkje registrert trua artar eller naturtypar i eller grensande til utsettingsområdet. Fjelledelgran er ikkje oppført på svartelista og er vurdert til kategorien låg økologisk risiko av Artsdatabanken. Fjelledelgran set frø ved 30-40 års alder og planting av dette treslaget vil difor ikkje innebære spreiingsfare når dei skal nyttast til juletreproduksjon og skal hoggast før dei set frø. Tiltaket vil difor i liten grad bidra til å auke den samla belastninga frå framande barte i området, jf. naturmangfaldlova § 10.

Dersom brot på vilkåra i løyvet fører til skade på stadeige naturmangfald må tiltakshavar bere kostnadane for å rette opp i dette, jf. naturmangfaldlova § 11.

Val av driftsmetodar og teknikkar skal etter § 12 ta best mogleg omsyn til naturmiljøet, slik at resultatet gir dei beste samfunnsmessige resultata. Utover dei føringar som følgjer av anna lovverk, som til dømes for bruk av sprøytemiddel og gjødsel, har vi ikkje spesielle merknadar til dette i denne saka.

Etter ei samla vurdering meiner vi at det ikkje er grunn til å anta at utsettinga vil medføre vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet, jf. utsettingsforskrifta § 7.

Vedtak

Aud E. Gilje Hope får løyve til å plante 300 fjelledelgran på gnr. 98 bnr. 4 i Bømlo kommune. Det er knytt vilkår til løyvet:

- Løyvet gjeld områda avteikna på kartvedlegget til søknaden.
- Trea må hoggast før dei set frø.
- Det må etablerast rutinar for internkontroll etter § 10 i forskrifta.
- Dette dokumentet må gjerast kjent for ny grunneigar ved eventuelt eigarskifte.
- Dersom juletreproduksjonen blir avvikla må alle trea hoggast.

Vedtaket er heimla i forskrift om utsetting av utanlandske treslag.

NB!

Eit løyve gitt i medhald av forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål gir ikkje automatisk omdisponering av dyrka og dyrkbar mark til skogproduksjon. Ved spørsmål om omdisponering kan du kontakte kommunen.

Klagerett

Alle med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan tre veker, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Olav Overvoll
seniorrådgjevar

Jørgen Aarø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.